



Hordaland Idrettskrets
PB 6143
5892 BERGEN

Dato: 26.06.2014
Vår ref.: 2014/12457-80
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå - underretting om vedtak

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til drift av dykkar organisasjon.

Hordaland fylkeskommune ved Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden i møte den 03.06.2014 sak nr 85/14 . Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving

Ved tildelinga i 2014 var det kr 1 536 000,- til fordeling på 35 søkarorganisasjonar. Søknaden er vurdert opp mot vedtekne retningsliner for ordninga og dei vilkår som går fram av desse. For dykkar del kom Kultur- og ressursutvalet til at vilkåra ikkje var stetta.

For nærare informasjon og grunngjeving vert det vist til fylkesrådmannen sitt saksframlegg og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak : <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/1625> og link til liste over [merknader](#).

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over og årsaka til at det vert klaga.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.